



Karsten Isachsen talar for første gong i kyrkja i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt rekna 100 hørde ein sprudlande prest og forfattar Karsten Isachsen tale utifrå temaet "Gledens Gud" i kyrkja tysdag kveld og dei hadde ei stor oppleving. Sjeldan eller aldri har det vore skratta så mykje i Uskedalen kyrkje og sjelden eller aldri har ein heil time med prestatale verka så stutt der. 65-åringen held sanneleg koken!



...og sel bøker etterpå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han kallar seg prest og forfattar, men aller helst vil han kalla seg evangelist.

- For det er det eg er, sa han til uskedalingane.

Sidan han var ni år på Marienlyst i Oslo og hørde den seinare ruvande biskop Dagfinn Hauge tale til barna har han teke konsekvensen av at å vera ein kristen er å lytta til evangeliet, leva i det og formidla det vidare til andre.

Det har han gjennom åra gjort i ein imponerende grad og slett ikkje berre gjennom talegåver som få andre i landet kan oppvise maken til.

Sidan debuten i 1978 har han gjeve ut 35 bøker i dei nordiske landa med eit samla opplag på over ein halv million og han selde fleire av dei i våpenhuset tysdag kveld.

Det var ikkje eit kommersielt foretak, inntekta gjekk til eit godt kyrkjeleg føremål. For det er ikkje minst i næringslivet Isachsen tener til livets opphald på garden 925 meter over havet på Geilo. Men to gonger i veka talar han i ei kyrkje og denne gongen var det Jondal og Uskedalen som vart tilgodesett.

Nokon samlediktar er ikkje Isachsen, men han kunne avsløre at han har skreve dei to første linene i ein salme som skal syngjast i begravelsen hans: "Jeg tror på gledens Gud og på Herrens glade dager". Og glede var det han først og fremst formidla i talen, mellom alle dei språklege perlene som skreiv seg både frå han sjølv og frå andre. Her er ein som universalgeniet Michelangelo sververte då han vart spurd om korleis han kunne klare å omskapa ein marmorblokk til ein hest: - Eg tek berre bort det som ikkje har noko med hesten å gjera!

- Tenk om vi kunne ta bort det som ikkje er oss, var Isachsen sin kommentar.

Ein annan setning som hadde gjort sterkt inntrykk på Isachsen allereie då han var 14 år var denne av Arnulf Øverland: "Hvordan kan man i det hele tatt eie noget når livet selv er et lån?" Ellers var det ei hovudpoeng for Isachsen at auga ikkje er kanalen til trua, men at trua kjem av forkynninga.

Organist under denne kyrkjekvelden var Lars Eirik Tjeldflåt og det var servering i samband med boksalet. Soknerådet leia av Audun Eik har all ære av den fine og minnerike kvelden.

Av Ola Matti Mathisen